

## Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

**Gustav Bahus, Frp**, sette fram slikt forslag:

«Endring:

Stryk «Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen, Ft.542 hp 2 km 4,358 – hp 3 km 1,778 lengde 7703 meter,»»

### Røysting

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag fram til strekpunkt Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag strekpunkt Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen fekk 10 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (Frp, V og 1 H) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag etter strekpunkt Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

Følgjande strekningar vert omklassifisert til kommunal veg:

- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika), Fv.541 hp 5 km 5,382 – 6,014 lengde 632 meter.
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle), Ft.541 hp 5 km 8,650 – 9,907 lengde 1257 meter og ft.541 hp 5 km 11,860 – 12,828 lengde 968 meter.
- Fv.541 ved Brubakken, Ft.541 hp 10 km 1,291 – 1,991 lengde 700 meter.
- Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen, Ft.542 hp 2 km 4,358 – hp 3 km 1,778 lengde 7703 meter, Fv.541 hp 8 km 2,760 – 3,496 lengde 736 meter, Fv.542 hp 55 km 0 – 0,237 lengde 237 meter og Fv.542 hp 56 km 0 – 0,053 lengde 53 meter.
- Fv.14 Stavland Bjødledalen, Ft.14 hp 1 km 1,317 – km 1,960 lengde 643 meter.
- Fv.18 Goddo, Ft.18 hp 2 km 0,000 – 0,787 lengde 787 meter.
- Fv.19 Rolfsvegen, Fv.19 hp 3 km 6,856 – 6,894 lengde 38 meter.

Før endeleg vedtak trer i kraft og vegstrekningane ovanfor vert overlevert til Bømlo kommune skal vegen setjast i den stand som følgjer av veglova §7 fjerde ledd og i samsvar med synfaring gjennomført 24. mars 2017 og 19. og 21. september 2017 med representantar frå Bømlo kommune og Statens vegvesen.

Følgjande strekningar vert nedlagt som offentleg veg:

- Fv.541 Langevåg – Løvegapet, Fg.541 hp 205 km 2,795 – 3,817 lengde 1022 og Fg.541 hp 5 km 3,820 – 4,201 lengde 381 – totalt 1403 meter vert nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika), Fv.541 hp 5 km 4,704 – 5,328 lengde 624 meter vert nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle), Ft.541 hp 5 km 7,473 – 8650, lengde 1177 meter og ft.541 hp 5 km 11,202 – 11,860 lengde 658 meter og ft.541 hp 5 km 9,907 – 10,399 lengde 492 meter – totalt 2327 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.14 Stavland Bjødledalen, Ft.14 hp 1 km 1,000 – km 1,279 lengde 279 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg.

Nasjonal sykkelrute nr. 1 – Kystruta og EuroVelo sykkelrute nr 12. – Nordsjøløypa vil som følgje av at vegane ovanfor blir nedlagt som offentlig veg følgje ny vegtrasé ved omklassifisering av fv.541-Bømlavegen.